



Desentralisert kompetanseutvikling barnehage – møte om organisering i Hordaland Terminus – 6. mars 2018

Formålet med møtet

Invitere alle aktuelle aktører i sektoren til ei innleiande drøfting om korleis ei nye ordning for tildeling av kompetansemidlar i barnehagesektoren kan organiserast. Få innspel frå sektoren når det gjeld problemstillingar knytt til samordning og representasjon.

Om den nye kompetanseordninga

Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022 er ei vidareføring av *Kompetanse for framtidens barnehage* som vart lansert i 2013. I revidert strategi er det lagt til grunn ei desentralisert ordning, og det er gjeve statlege føringar om korleis arbeidet skal vere organisert:

- Fylkesmannen forvaltar midlane gjennom regionalt samarbeidsforum
- Forumet skal ha deltakarar frå kommunen som barnehagemynde, kommunale og private eigarar, UH-sektoren, eventuelt andre relevante aktører
- Kompetansemidlane skal i hovudsak vere knytt til barnehagebaserte kompetanseutvikling
- Dei kan og nyttast til barnehagefagleg grunnkompetanse, fagbrev på arbeidsplassen og kompetansehevingsstudie til fagarbeidarar og assistentar

I den nye kompetansestrategien går ein frå ei søknadsbasert ordning, slik som det er i dag, til ei ordning som er tildelingsbasert. Ein må difor «kvitte» seg meg tankegodset om ein bestillar og ein leverandør. UH-miljøa og barnehagane er sidestilte partar i dette arbeidet. Denne ordninga krev langsiktige kompetanseplanar og kartlegging på lokal- og fylkesnivå.

2018 vert sett av til å etablere ein struktur for den nye ordninga i fylket. Frå 2019 vil den nye ordninga formelt tre i kraft. Møtet den 6. mars var første steg på vegen til å samlast om ei god organisering i Hordaland.

Kompetansestrategien er sentral i arbeidet for å ta ny rammeplan i bruk. Kompetanseutvikling for alle tilsette i barnehagen skal ordninga bidra til at alle born får eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Det er lagt til grunn fire prinsipp for utvikling, organisering og innhald i kompetanseutviklinga:

- Kompetansetiltaka skal bidra til å realisere rammeplanens intensjonar og krav
- Barnehagens eigar og leing skal legge til rette for kompetanseutvikling for alle tilsette
- Individuelle og kollektive kompetansetiltak skal sjåast i samanheng
- Aktørane i barnehagesektoren skal samarbeide om kompetanseutvikling

Kompetansestrategien har fire overordna satsingsområde som er førande for val av tema innanfor følgjande kompetansetiltak:

- Barnehagen som pedagogisk verksemd
- Eit inkluderande miljø for omsorg leik, læring og danning
- Språk og kommunikasjon
- Barnehagens verdigrunnlag

Sjølv om ordninga har definert fire overordna satsingsområde vil det vere rom for lokale tilpassingar. Arbeidet med satsingsområda må sjåast i samanheng med pågåande nasjonale satsingar som til dømes inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Terminus 6. mars 2018

Fylkesmannen gjorde greie for dei føringane som ligg til grunn for den desentraliserte kompetansemodellen.

For 2018 er det 8,5 millionar kroner til fordeling, men det er ikkje eit krav om å tildele midlane etter ny kompetanseordning. Midlane i 2018 vert fordelt etter den «gamle» ordninga.

Innleiinga leia inn mot problemstillingar til diskusjon, og var følgjande:


- Kva vil vere ein god modell i Hordaland?
 - Kva strukturar har vi å byggje på?
 - Kva vil fremje brei involvering på kommunalt nivå?
 - Korleis sikre god eigarrepresentasjon når majoriteten av eigarar er små?
 - Samarbeidsgruppa på fylkesnivå – korleis skal vi sette den saman på ein føremålstenleg måte?

Oppsummering av problemstillingar

Det vart vist til ein tenkt måte for korleis ein kan sjå føre seg organiseringa av den desentraliserte kompetansemodellen for barnehage:



Eit utgangspunkt for drøfting



Med bakgrunn i spørsmåla skrive over og modellen for ei organisering var det fleire innspel og problemstillingar frå salen. Det var fleire innspel som dekkja ulike delar av ordninga. Vi har delt dette inn under nokre overskrifter.

Erfaringar frå skule

Det vart lagt vekt på at det hadde vore nyttig å høyre om erfaringane på skuleområdet. Gjerne om korleis ein har gjort det med fordelinga av dei økonomiske midlane. Kva som har vore bra / ikkje bra med denne ordninga vart tatt opp som interessant å få eit innblikk i. HVL er mellom anna inne nord i Rogaland og samarbeider med Fylkesmannen i Rogaland. På skulesida liknar modellen i stor grad på den som er i Hordaland. HVL har begynt å utveksle erfaringar på dette området.

Private eigarar

Vidare var det fleire i salen som kom med tilbakemelding om at det var viktig å få involvert dei private eigarane. Ein kommune opplyste om at dei har hatt lokale utviklingstiltak som dei private barnehagane ville delta i, men eigarkjeder sentralt har hatt andre kompetansetiltak for barnehagen. Det vart også tatt opp at det kan vere utfordrande å fa tak i dei private eigarane, men at kompetansestrategien kan vere ein inngang til dette.

PBL var positiv til den desentraliserte ordninga. For PBL var det viktig å ivareta den lokale tilpassinga. PBL meinte dei burde få ansvar for å sikre representasjon i fylkesgruppa og at det var viktig å få representantar som kjenner sektoren godt. I forlenginga av dette vart det frå salen stilt spørsmål om korleis andre private aktørar ville føle seg ivaretatt av PBL. Det vart tatt opp

eit forslag om det kanskje burde vere to private representantar, og at det var viktig at ein må kunne representere andre enn berre seg sjølv. Det vart også tatt opp at dette også måtte gjelde for regionen sin representant, ikkje berre som barnehageeigar, men og som barnehagemynde.

Representasjon

Fleire av kommunane i Hordaland skal etter kvart slå seg saman. Dette vil følgeleg få implikasjonar for representasjon. Det same gjeld når Fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane skal slå seg saman.

Det vart vidare tatt opp at fylkesgruppa må ha ei samansetting som er handterleg, samstundes som at ein må sikre at føringar for representasjon er følgt opp. Det er og viktig at ein sikrar brei medverknad i lokale prosessar.

Organisering

Det vart av fleire kommunar vist til at dei allereie har strukturar på dette arbeidet lokalt og at ein bør bygge på dei allereie kjende strukturane, men at ein i større grad enn tidlegare må utfordre barnehageeigar og at informasjonsflyten til eigarane må vere god. Ein bør også tenke langsiktig og planlegge fleire år framover i tid.

UH-sektoren bør inn på eit tidleg tidspunkt, og ein må forhindre ein bestillar – leverandørrolle. Det vart også tatt til ordet for at arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane må inn på lokalt nivå, og at desse må inviterast inn. Vidare vart det trekt fram at kompetanseordninga famnar breitt, og kven er det som skal identifisere kven denne ordninga skal omfatte? Den desentraliserte modellen for barnehagar er meir omfattande enn på skulen. HVL repliserte at ein er nøydd til å sjå andre relevante grunnlagsdokument i samanheng med den nye kompetansestrategien.

Det vart frå fleire i salen tatt til ordet for at UH-miljøa tidleg i prosessen må involvere seg i det lokale arbeidet i kommunane. NLA presiserte at det var viktig at dei kom inn på eit «lågt» nivå og tidleg i planleggingsprosessen. Vidare uttala NLA at det er ulike kompetansebehov i dei forskjellige regionane og ein må difor ta høgde for at det kan verte vanskeleg å bli einige om éin type kompetanse. Bømlo kommune viste til det formelle samarbeidet mellom kommunane, og peikte på at denne ordninga legg opp til store forpliktingar, både økonomisk og organisatorisk. Dette krev avtalar mellom kommunane som er godt forankra.

Framlegg til organisering i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland tar til orde for å organisere den desentraliserte kompetansemodellen for barnehagar tett opp mot den modellen som allereie er tatt i bruk på skuleområdet. For fleire av aktørane er denne modellen allereie kjend.

Slik som på skuleområdet vil det vere naturleg å ta utgangspunkt i meir eller mindre eksisterande kompetanseregionane som nettverk. Fylkesmannen vil ta initiativ til å opprette eit

sentralt samarbeidsforum på fylkesnivå sett saman av representantar frå regionane og UH-sektoren.

Sentralt i denne modellen er eit godt lokalt arbeid. Mellom anna må ein kartleggje aktuelle område for kompetanseutvikling og utviklingstiltak. Planane må utarbeidast i samråd med UH-miljøa som ein del av kompetansestrategien. I tillegg til å drøfte dette lokalt, må også fagorganisasjonar vere med i det lokale arbeidet. Vidare må ein einast om dei lokale utviklingstiltaka og samle seg om prioriteringar og innspel til fylkesgruppa.

Fylkesgruppa vil, slik som Fylkesmannen ser det, bestå av følgjande aktørar:

- (2) Høgskulen på Vestlandet (HVL)
- (1) Norsk Lærarakademi (NLA)
- (1) Fylkeskommunen
- (6) Barnehagemyndigheit
- (2) Fylkesmannen
- (2?) Private eigarar (PBL + ?)

På møtet på Terminus kom det fram om det hadde vore føremålstenleg å få inn ein representant som skulle representere dei private barnehageeigarane som ikkje fell inn under PBL. Vi har difor sett eit spørsmålsteikn bak talet på representantar.

Fylkesgruppa vil i hovudsak måtte ta stilling til å drøfte utviklingstiltaka som kvar region melder inn og fordele midlar. Fylkesmannen ville måtte sikre at utviklingstiltaka er i tråd med dei nasjonale føringane. Dersom ikkje gruppa på fylkesnivå vert einig vil Fylkesmannen ta endeleg avgjerd.

Vegen vidare

Fylkesmannen vil be alle om å halde av fredag **8. juni 2018** for eit nytt møte der agendaen vil vere å kome fram til ei tenleg løysing for korleis strukturen i fylkesgruppa vil sjå ut. Det er viktig med gode tilbakemeldingar på dette. Vi vil sende ut innkalling med nærare informasjon om kvar møtet vil vere.

I tillegg vil også Fylkesmannen ha eit eige møte med UH-miljøa som inngår i den desentraliserte kompetansemodellen i Hordaland.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Andreas Stenersen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.